

Landbrukskontora i kommunane

Vår dato: 19.03.2015
Vår referanse: 15/17980-2
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Jordleigeprisar 2015

Landbruksdirektoratet (tidlegare Statens landbruksforvaltning) har nå den årlege jordleigeundersøkinga, der vi innhentar informasjon om jordleigeprisar i dei ulike delane av landet. For å få eit best mogeleg resultat, er det nødvendig med god oppslutning frå kommunane. Vi håper derfor at de kan svare på undersøkinga.

Vi har i år utarbeida eit skjema som kan fyllast ut elektronisk. Skjemaet finn de på vår heimeside www.landbruksdirektoratet.no eller ved å klikke på følgjande link:
[Skjema jordleigeprisar 2015](#)

Så langt som mogleg er det dei **gjennomsnittlege leigeprisane per dekar/dyr (per år)** i dykkar kommune vi ønskjer. Dette gjeld også prisar for spesialproduksjonar, der prisane ofte er høge. Landbruksdirektoratet har informasjon om at det i enkelte områder vert betalt over kr 2000,- per dekar for spesielle produksjonar. Det er viktig at også slike prisar vert reflektert i dei prisane som vert oppgitt. Dersom det vert leigd vederlagsfritt gjev de opp kr 0. Er det spesielle tilhøve knytt til leigeprisane i kommunen, ønskjer vi at de skriv ein kort kommentar til dette.

Rettleiing om utfylling – sjå skjema.

Vi ber om at de fyller ut skjemaet og sender til oss **innan 9. april 2015**.

Resultata frå undersøkinga vil bli lagt ut på heimesida vår så snart dei er klare.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Lasse Erdal
seksjonssjef

Anita L. Nordhaug

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.